

LYKLING SOKNERÅD ÅRSMELDING 2023

Lykling sokneråd si samansetjing i 2023 fram til 1.november:

Inger Johanne Sele	leiar
Elisabeth Diane Bjørnevik	nestleiar
Linda Gunnarsjaa	kasserar
Sissel Steinsland Gåsland	sekretær
Astri Litlabø Sakseide	styremedlem
Heidi Ådnanes	styremedlem
Fridleif Lydersen	styremedlem/sokneprest
Johannes Bernhard Hjelland	1. varamedlem, møter fast
Beate Karin Lie Stautland	2. varamedlem
John Christian Bauge	3. varamedlem

Representant til fellesrådet:

Elisabeth Diane Bjørnevik, vara: Inger Sele
Heidi Ådnanes, vara: Astri Litlabø Sakseide

Andre verv:

Kyrkjevertlistene: Linda Gunnarsjaa/Sissel S. Gåsland
SR sin representant til TOL utvalet: Heidi Ådnanes
TOL utvalet: Heidi Ådnanes, Arild Selle og Anne Grethe Espevik
Kontakt til KN-aksjonen: Sissel S. Gåsland
Kontakt til diakoniarbeidet: Astri Litlabø Sakseide
Kyrkjekaffikomite: Emma Løkling, Jane Løkling og Kari Steinsvåg
Kimen: Inger Sele organiserer, resten av soknerådet deltek
Estlandskomiteen: Lillian Jensrud
PC og lyd: Gaute Sele

Lykling sokneråd etter 1.nov.2023 (perioden 2023 – 2027)

Silje Eriksen Oldereide	leiar
Hildegunn Lodden Stautland	nestleiar
Sissel S. Gåsland	kasserar
Elisabeth Holme Grønnevik	skrivar
Sverre Leon Larsen	styremedlem
Lillian Thorsen	styremedlem
Astri Sakseide	1.varamedlem, møter fast
Leif-Steinar Sakseide	2.varamedlem
Marianne Steinsvåg	3.varamedlem
Silje Kristin Sele	4.varamedlem

Representant til fellesrådet:

Hildegunn Lodden Stautland, vara: Silje Eriksen Oldereide
Sverre Leon Larsen, vara: Lillian Thorsen

Andre verv:

Tol-kontakt: Lillian Thorsen

Diakonikontakt: Astri Sakseide

Kimenkontakt: Silje Eriksen Oldereide og Hildegunn Lodden Stautland

Representant i Estlandskomiteen: Lillian Jensrud

Kontakt Kirkens nødhjelp: Sissel S. Gåsland

Kyrkjekaffi: Lillian Thorsen

Kyrkjevertliste: Elisabeth Holme Grønnevik

PC og lyd: Gaute Sele

Soknerådsarbeidet

- I 2023 hadde Lykling sokneråd 11 møte og handsama 89 saker.
- Soknerådet har ansvar for budsjett, rekneskap, tildeling av offer og årsmelding.
I tillegg har soknerådet ansvar for ulike tiltak for konfirmantane, gjennomføring av temakveldar og praktisk organisering av ein skilde spesielle gudstenester.
- Årsmøtet 2022 vart halde søndag 19.mars etter gudstenesta.
- KN Fasteaksjonen 2023: kr 26 282,- derav i bøsser kr13 308,- og på vipp direkte KN kr 12 974,-kr (2022 resultat Lykling sokn: kr 28177,-)

Konfirmantarbeid i soknerådet sin regi:

Kimen: Opplegg for konfirmantane på Lykling

- **Alternativ konfirmantfest (kull-23):**

Konfirmantgudstenesta vart halden torsdag 27.04 kl 19.00

Konfirmantane fekk servert pizza mellom øving og gudstenesta. Etter gudstenesta vart det servert kyrkjekaffi med flotte festkaker.

Alle involverte syntest det var ein kjekk måte å gjera det på. Dessverre var oppslutninga om gudstenesta frå soknet elles laber.

- **Tur med dykkarklubben 09.sept (kull -24):** svært populært arrangement

- **Grautfest etter lysmassa 03.des kl 16.00** Ein kjekk kveld med engasjerte ungdommar

Spesielle gudstenester

- **Påskesong i Lykling kyrkje torsdag 7.april kl 19:00**
- **Nasjonaldagsgudsteneste:**
Fleire ulike aktørar gav bidrog til ei svært fin gudsteneste og minnestund: Familiekoret populært i år og, blåsegruppe bidrog med vakre tonar under gudstenesta, fullt korps gav høgtid ved minnestøtta. Flott å få flaggborga inn i kyrkja att - Vakker song av Runa og Brynjar ved minnestøtta - Gripande dikt lesing av Anja - Mykje folk til gudstenesta og mange positive tilbakemeldingar i etterkant.
- **Soknet deltok ved Amfigudsteneste 4.juni.**
- **Skaparverkets dag 11.juni: Barnekoret Time Tweens** frå Bryne deltok. Etter gudstenesta var det det høve til fellestur gjennom skogen til Lyklingvatnet
- **Kanaldagsgudsteneste 03.september:** Bømlo Kormix medverka. Gudstenesta var godt besøkt og mange deltok ved nattverd.
- **Julafta kl 14.30:** Godt oppmøte og ei fin stund

Temakveldar

- **19.januar Foredrag v/Berit M Andersen: Moster24 - Frihet, Rettvern og Soknebånd!**
Ei innleiing til felles refleksjon og samtale mellom Andersen, Sissel J.F.Våge og Fridleif Lydersen
- **23.februar : Diakoni – glede og utfordring for deg og meg**
Sissel J.F. Våge og Øystein Lund Olafsen.
- **28.09. Sangaste - venskapskyrkjelyden vår.**
Aksel Lygre delte bilet og intrykk frå arbeidet i Estland
- **19.10.23 musikalsk temakveld med Moster kyrkjekor og Bømlo kyrkjekor**
- **26.nov. Salmeønskekveld: Simon Madsen spelar**
Tilhøyrarane fekk bestemma programmet: Madsen spela, til allsong, dei ulike salmeønska etter kvart som ønska vart presenterte. Ein fin kveld der tankar, tekst og tonar hadde fokus.

Kyrkjebygget og drift

Vinteren og våren-23 var prega av ekstreme straumprisar, og dette fekk følger for talet på arrangement og gjennomføringa av desse. Straumutgiftene sprengde budsjetta til fellesrådet, og det gjekk ut over investeringar/utbetringer.

Elles rapporterte me også dette året at varmepumpene burde sjekkast/skiftast. Dei fungerer ikkje optimalt lenger, og dei lager så mykje lyd at me stenger dei når det er arrangement i kyrkja. Det var ikkje rom for å skifta desse på Fellesrådet sitt budsjett i 2024.

Det vart investert i to nye «myggar» då dei gamle var svært upålitelege

Utvendig vedlikehald, som maling, bør gjerast.

Soknepresten sin årsrapport for Lykling sokn 2023

Det har vore skifte i soknepreststillinga i Lykling sokn det siste året.

Fridleif Lydersen avslutta si teneste med avskilsgudstenste i Lykling kyrkje 8. oktober.

Roald Drønen og Sissel Johanne Fylkesnes Waage har vore vikarar, og vil halda fram inntil ny prest er på plass. (Laila Hansen Røksund er tilsett som ny sokneprest i møte januar 2024. Innsetjingsgudstenesta er sett til 26. mai).

Etter nokre vanskeleg år med restriksjonar pga covid 19, er vi i ferd med å nærma oss ein normalsituasjon for aktiviteten i kyrkjene i soknet.

Det har vore 26 gudstenester i soknet i 2023. 24 gudstenester var på søn- og helgedag. Frammøte på desse gudstenestene var 1922 (gjennomsnitt på 80). Det har vore 1 skulegudsteneste og tre temakveldar/bibeltimar.

Tal på deltakarar på alle gudstenester var 2064 – ein auke på 4 % frå 2022 og 82% frå 2021.

Det har vore 4 gudstenester lagt til rette for born og ungdom.

Det var nattverd på 14 av gudstenestene med 431 deltakarar (gjennomsnitt 31).

Det er blitt halde gravferd for 2 personar i soknet med 198 deltakarar.

Det er godt å sjå at mange er med dei som sit i sorg og saknad etter å ha mista ein av sine kjære.

Det var 3 vigslar, 8 born vart døypt og 6 ungdomar vart konfirmerte.

Takk til tilsette og frivillige for ein flott jobb i året 2023!

Me ynskje Guds velsigning over det gode arbeidet som skjer.

- Roald Drønen , vikar sokneprest -

Årsrapport frå diakonen

Aktivitet:

- Besøkstjeneste. Det er stadig nye førespurnadar om besøkstjeneste. I desember har Olava Gilje Nord vikariert for diakonen i 30 prosent og jobba særskilt med besøkstenesta.
- Diakonen har også elles vore tilgjengeleg for dei som ynskjer samtale/sjelesorg/soknebod.
- Blomehelsingar til etterlatne og jubilantar.
- Solidaritetsmarkering for Ukraina med lystog og samling i Bremnes kyrkje 24. februar. Dette var eit samarbeid med Be to Be og Bømlo frivilligsentral og diakonitenesta.
- Temakveld om diakoni i februar
- Diakonen var med som leiar på turen til London for 17. åringer i juni.
- Vern om skaparverket var tema på ei fellesgudsteneste i Lykling kyrkje i juni.

- I juli arrangerte diakonien pilegrimstur frå Moster til Røldal i samarbeid med regionalt pilegrimssenter i Bergen. Me var til saman 15 personar i følgjet.
- Tilbod om sorggrupper i våren 2023.
- I juni arrangerte diakonen eit treff for besøksvennene på Bømlo. Treffet var i Bremnes kyrkje. I oktober hadde me eit treff i Bremnes kyrkje for dei som har møte og songstunder på BBH.
- Diakonen har annakvar måndag frå juni vore tilstades på Sesam. Sesam er ope hus for dei som har utfordringar med rus. Dette er eit nytt tilbod som Bømlo kommune driftar.
- Minnegudsteneste for etterlatne i Lykling og Bømlo sokn. Gudstenesta med lystenning og opplesing namn var i Bømlo dette året.
- Diakonien har i lag med frivilligcentralen arrangert eit mat, aktivitet og prat treff på Svortland skule.
- Etter initiativ utanfrå arrangerte Bømlo frivilligcentral, Bømlo Røde kors og diakonien lystenning for fred i Bremnes kyrkje 29.11.23. Initiativet kom som følgje av krigshandlingane i Midtausten.
- Diakonien, Røde kors, Bømlo frivilligcentral og Hjartespira samarbeidde om utdeling av matkassar og julegåver til jul. Det vart delt ut 120 matkassar. Alle sokneråda var med å støtta dette arbeidet.
- Siste fredagen i månaden har *Lyklingedamene* treff med andakt, song og loddosal på BBH.

Rapport trusopplæring Lykling sokn 2023

Tiltak	Dato	Medlem	Møtte	Ansvarleg
	Prestane har ansvar for dåpsmøter. Ein har felles samlingar for dåp i Bremnes, Lykling og Bømlo sokn. Asbjørn Gundersen og Fridleif Lydersen har delt på å ha desse samlingane	6	6	Asbjørn Gundersen og Fridleif Lydersen
Tru:D Babysong	10 samlingar	6	7	Sissel G
Tru:D1 Myldrekveld	Avlyst grunna manglende pedagogressurs			
Tru:D23 Myldrekveld	3 samlingar våren 2023 Hausten blei det ingen samlingar grunna manglende pedagogressurs	20	7	Sissel G
Tru:D3 Krøllekveld	Det er ei samling for 3-åringane på Krøllekveld. Me høyrer historia om sauene som gjekk seg vill. Det er også song og leik.	8	3	Sissel G
Tru:D4 4årsbok	I 2023 byta me bok slik at 4-åringane no får Barnebibelen min – av Jarle Waldemar. Me hadde församling ein torsdagskveld. Det var samling med bibelforteljing og song. Søndagen var det gudsteneste med utdeling av Bibelen. Det var fullsett kyrkje. Bømlo SoulChildren deltok med song i gudstenesta. Veldig meiningsfullt og kjekt å samla så mange familiar i kyrkja!	14	14	Hildegunn og Liv Merete

Tru:D6 Barnebibel	Me inviterte 6-åringane til ei gudsteneste rett etter skulestart. Sidan 4-åringane no får barnebibelen måtte me finna eit alternativ til bok. Sidan desse 6-åringane ikkje har fått bibel tidlegare år fekk dei i år Barnebibelen av Alf Kjetil Walgermo. Fint å kunne gje barna ein ny bibel. Me fekk mange gode tilbakemeldingar på at det var noko nytt.	10	9	Sissel G
Tru:D7 Påskedrama	Me hadde påskevandring for 7-åringane ein ettermiddag i mars. Fint å få formidla påskehistoria til 7-åringane. Me hadde også påskeverkstad der barna fekk laga diverse påskepynt.	9	6	Sissel G
Tru:D8 Aktivitetsdag	Aktivitetsdag i Lykling kyrkje for barn frå Bømlo, Lykling og Moster sokn. Aktivitetsdagen er på ein dag det er planleggingdag i skulen. Me inviterer til samling i kyrkja kl. 09.00-14.00 Det er mange ulike aktivitetar både inne og ut. Tema for aktivitetsdagen: Gud skapar – me lagar	7	5	Liv Merete, Sissel G og Marta
Tru:D9 Tårnagenthelg	I år hadde me to ettermiddagssamlingar for 9-åringane. I tillegg var dei med og deltok i gudstenesta søndagen.	9 år: 9 10 år: 11	9 år: 4 10 år: 11	Sissel G
Tru:D10 Jubileum for dåp	05.10..21 Dette tiltaket er lagt opp som ei bursdagsfeiring med pølsefest, gelé til dessert og ulike bursdagsleikar. Temaet er dåpen.	11	13	Sissel G
Tru:D11 LysVaken	Me hadde ei fin LysVaken samling for 11- og 12-åringane. Me hadde ikkje overnatting, men barna var med og deltok i gudstenesta søndagen.	11 år: 10 12 år: 5	11 år: 7 12 år: 5	Liv Merete, Hildegunn, Øystein, Roald
Tru:D12 Aktivitetsfestival	Nytt opplegg for 12-åringar. Me inviterte til felles aktivitetsfestival på Solgry i juni for alle sokna. Barna kunne velja mellom to ettermiddagar. Me reiste til Solgry i privatbilar og minibuss. På Solgry hadde me bibelsamling, pølse med brød og mange aktivitetar ute. Me leigde berre uteområdet med kanopadling, minigolf, gokart m.m. Barna som var med gav uttrykk for at dette hadde vore ein kjekk ettermiddag. Me køyrde frå Svartland ca. kl. 15 og var tilbake ca. kl. 20.	5	4	Liv Merete, Elisabeth, Sissel G
Tru:D14 Innskriving konf.	Me hadde informasjonsmøte om neste års konfirmantår i mars. Varden og ZoomIn kom og snakka om dette som miljøtiltak i konfirmanttida.	10	9	Liv Merete og Sissel G

Tru:D15 Konfirmasjon	Konfirmant 2023 Me starta konfirmantåret med ny konfirmantleir: me reiste til Jærgårds på Klepp. Dette var eit fint opplegg. Samlingane gjennom konfirmantåret har me veksla på ettermiddagssamlingar og samlingar laurdagar. Fint å gjera dette slik. Me opplever at konfirmantane kan vera noko trøytte og uopplagde rett etter skuletid. Då er det fint å ha nokre samlingar laurdagsføremiddagar.	6	6	Liv Merete, Elisabeth og Sissel G
Tru:D16 Fjorårskonfirmant	Samling med pizza og prat om utdanningsplanar.	7	2	Liv Merete, Sissel G, Elisabeth og Fridleif
Tru:D17 Londontur	Me hadde ein flott tur til London. Rekorddeltaking på turen. Me budde på tre ulike «hotell» og hadde med 9 vaksne – 4 frå staben – og fem frivillige. Mange fine opplevelingar i flott sommarvær. Me var på Evensong i St. Pauls, besøkte Sjømannskyrkja og fekk info om arbeidet der, me besøkte også Kfuk-hjemmet og me var på musical. Mange fine samtalar og stunder saman med 17-åringane	12	5	Liv Merete, Asbjørn, Elisabeth, Sissel V, Heidi Ådnanes, Lene F. Nesse, Sofie F. Bjelland, Louise Ådnanes og John Olav Habbestad

Samlingar i trusopplæringa i Lykling sokn samlar mange barn, og me kjem også i kontakt med mange foreldre/føresette/besteforeldre. Me er svært takksame for at så mange vil vera med som deltagarar i trusopplæringa.

Me hadde ikkje klart å gjennomføra så mykje aktivitet utan alle dei frivillige. Ein stor takk til alle frivillige som er med oss i arbeidet. Saman arbeider me for at barn og unge i Lykling sokn skal få bli kjent med Jesus og at dei skal kjenna seg heime i kyrkja.

Hildegunn Andal
- kyrkjelydspedagog